



# ÅRSMELDING 2016

---

## ÅRSMELDING


### IL JOTUN *Turn*

*for perioden*

*1. januar 2016 til 31. desember 2016*

---

## PÅ VEG MOT HUNDRE!



---

**Postadresse**  
IL Jotun  
Postboks 65  
6882 Øvre Årdal

**Besøksadresse**  
Jotunhuset, Øvre Årdal  
**E-Post**  
post@iljotun.no

[www.iljotun.no](http://www.iljotun.no)

**Bank**  
3730.25.00208  
**Foretaksregisteret**  
975 702 308



## 1. Styret sin samansetning:

- Leiar Geir Inge Tufte(2015/2016) Stian Bye, fungerande leiar 2016  
Stian Bye valt inn for 2017
- Nestleiar Ingeborg Hjelle 2016/2017
- Økonomileiar-/ kasserar Ruth Laberg 2016
- Styemedlem: Anne Gjermoe Røyrvik 2016/2017
- Styremedlem: Annbjørg Lereng 2016/2017

## 2. Grupper –utval –komitear –representasjon:

- Sportsleg leiar 2015/2016: Ruth Laberg
- Sportsleg leiar : 2016/2017: Sofie Moen
- Kontakt allidrett: Sofie Moen
- Leiar for turnstemnet 2016: Sofie Moen

## 3. Antall styremøter: 9

## 4. Saker:

- Trenarutdanning
- Innkjøp av utstyr
- Breidde-/ konkurranse.
  - Rekruttering – korleis halde på alle
  - Trivsel i gruppa både blant vaksne og ungar
- Turnstemne 2016
- Sal av billodd

## 5. Medlemstal:

- Totalt aktive utøvarar: 107
- Antall utøvarar mellom 5-12 år : 84
- Antall utøvarar mellom 12-16 år : 22
- Antall utøvarar 17 år og eldre: 1

## 6. Utdanning:

- 17 personar har teke trenar 1 utdanning.
- Jotun har to utdanna kretsdommarar
- Har utdanna 10 personar på trenar 1 trampett
- Har utdanna 5 personar på trenar 2 trampett.

## 7. Særforbund:

- Norges Gymnastikk og Turnforbund

## 8. Konkurransar – stemner – turneringar:

- Gransprett 2016
- Barneturnstemne på heimebane 2016
- KM på Sandane

## 9. Økonomi:

- Omsetning i gruppa: kr 895.175
- Resultat 2016: kr 201.083

---

<b>Postadresse</b>	<b>Besøksadresse</b>	<b>Telefon</b>	<b>Bank</b>
IL Jotun	Jotunhuset, Øvre Årdal		3730.25.00208
Postboks 65	<b>E-Post</b>	<b>Telefaks</b>	<b>Foretaksregisteret</b>
6882 Øvre Årdal	post@iljotun.no		975 702 308



- Budsjett 2016: kr 195.550
- Oversikt over mottekne midlar: I tillegg til hovedsponsorar var det bortimot alle bedrifter i Årdal som bidrog med gåver og pengar i forbindelse med Turnstemnet 2016.

#### 10. Anlegg og utstyr:

- Tumblingbane, Airfloor, Pegasus, trampett og diverse skumutstyr.
- Årdalshallen og Agnitiohallen.
- Har generelt vore lite utstyr i Årdalshallen. Det meste har turngruppa kjøpt inn sjølve.
- Turnhallen er ikkje ideell. Får ikkje kontroll på ventilasjonsanlegget der og det er altfor lågt under taket til dei eldste gymnastane.

#### 11. Oppgåver i året som kjem:

- Halde fram det gode arbeidet med å rekruttere trenarar.
- Få i i gang interne trenarkurs. Me har svært gode trenarar i gruppa som kan dela sin kompetanse.
- Få god drift i det sportslege utvalet i turngruppa.
- Setje ned ein anleggskomite.
- Starte å planlegge eigne konkurransar.
- Prøve å arrangere lågterskel konkurransar.
- Arrangere KM i desember 2017.
- Ferdigstille plankett i Årdalshallen.

#### 12. Eksterne verv – representasjon:

- Ingeborg Hjelle : Sit i symjekrinsen
- Ruth Laberg: Sit i valkomiteen i Sogn og Fjordane Gymnastikk og Turnkrets
- Sofie Moen: Sit i konkurranseutvalet i Sogn og Fjordane Gymnastikk og Turnkrets.
- Ruth Laberg : deltok på Idrettstinget i Florø

#### Rapportar frå gruppene:

##### 3-4 klasse gutar:

Gruppa starta opp med organisert turntrening hausten 2016. Det er eit stabilt oppmøte på trening med 15-20 gutar jevnt fordelt på 3 og 4 klasse. Treningane foregår i Agnitiohallen kvar onsdag frå 19-20. Me fokuserer på basisferdigheiter på trening og ser stor framgang og meistring av samtlige gymnastar. Dei fleste beherskar no rulle, hjul, handståande og salto i trampett. Treningane består stort sett i stasjonsbasert trening på basisferdigheiter. Me prøver å tilpasse stasjonane etter nivået til gymnastane, og føler det fungerer bra. Trenargruppa består i hovudsak av personar utan turnbakgrunn. Det er foreldre som stiller sporty opp og har ei bratt læringskurve i 2016. Dei har tileigna seg gode basiskunnskapar og ferdigheiter innan sikring. 2 av trenarane har hatt trenar 1 utdanning i 2016. Elin Haug og Stefan Melnikat. Aina Heggo og Sofie Moen har teke trenar 1 utdanning tidlegare. Dei fleste trenarane har teke trampett 1 kurs som var arrangert i Årdal. Dette var lærerikt og øvelsane på kurset er mykje i bruk på treningane.

---

<b>Postadresse</b>	<b>Besøksadresse</b>	<b>Telefon</b>	<b>Bank</b>
IL Jotun	Jotunhuset, Øvre Årdal		3730.25.00208
Postboks 65	<b>E-Post</b>	<b>Telefaks</b>	<b>Foretaksregisteret</b>
6882 Øvre Årdal	post@iljotun.no		975 702 308

Vår dato  
13.02.2017

Vår referanse



#### Årsrapport 3-4 klasse jenter:

Grappa består av ca 30 treningsglade jenter. Dei deltok i 2016 på sitt fyrste turnstemne på heimebane. No er det førebuing til turnstemne i Måløy som gjeld. Dei trenar kvar måndag i Agnitiohallen. Me har flerie utdanna trenarar og mange kjekke foreldre som hjelper til på treningane.

Treninga er stasjonsbasert og me øver mest på basisferdigheiter.



#### Årsrapport guttegruppa og jenter 2005:

Denne troppen består av gutar 5 klasse og eldre, samt jenter fødd 2005. Troppen vart til i løpet av 2016. 2005 jentene var opprinneleg i ei gruppe i lag med jenter 2006, men da det til hausten ikkje var nokon som

**Postadresse**  
IL Jotun  
Postboks 65  
6882 Øvre Årdal

**Besøksadresse**  
Jotunhuset, Øvre Årdal  
**E-Post**  
post@iljotun.no

**Telefon**  
**Telefaks**

**Bank**  
3730.25.00208  
**Foretaksregisteret**  
975 702 308

kunne ha ansvaret for disse jentene pga at gruppa vart for stor, vart dei slått saman med den eksisterande gutegruppa.

Gutegruppa var i vinter/vår 2016 ei stor gruppe, og under BTS i Årdal våren 2016 stilte me med ein tropp på ca 20 gutar, som lagde kjempestemming i hallen med oppvisninga si. Etter oppstart hausten 2016, har me dessverre ikkje sett att alle gutane som var med vårsesongen. Det har i haust vore veldig variert oppmøte. Har vore frå 2-8 gutar på trening. Medan jentene er ei stabil gruppe på 8. Dei trenar ein dag i Turnhallen og ein dag i Årdalshallen pr veke. Me trenar på ulike basisferdigheter, på stasjonstreningar. Treningane inneheld også styrke, mobilitet og dans. No er det treningar mot turnstemne som gjeld. Håpar også at dei kan delta på KM på heimebane i desember.



### Årsrapport ungdomstroppen:

Ungdomstroppen i Jotun Turn består av dei eldste gymnastane (12-15 år) i turngruppa. Vinter/vår 2016 var det 24 gymnastar i denne troppen. Etter oppstart hausten 2016 valgte fleire av ungdommane å slutte på turn pga kolliderande aktivitetar eller manglande interesse/motivasjon til å fortsette på turn. Gruppa bestod hausten 2016 av 15 gymnastar. I desember vart det avgjort at ungdomsgruppa og 7.-8.klasse gruppa skulle slåast saman og me er no godt over 20 gymnastar i gruppa att. Det er stabilt godt oppmøte på trening og jentene legg ned ein kjempeinnsats på kvar trening.

På treningane fokuserar me på basis styrke/mobilitet. Me terpar på grunnmoment og oppmuntrar gymnastane til å ta steget vidare til moment med høgare vanskegrad. Samtlige gymnastar har hatt stor utvikling i 2016 og jobbar mot personlege mål.

2016 starta med første konkurrans utanfor fylket. Me deltok på Gransprettten med 3 troppar i både tumbling og trampett. 1 rekrutt tropp og 2 troppar i junior kvinner klassen. Det enda med bronse i junior kvinner tumbling og rekrutt tumbling, samt sølv til rekruttane i trampett. Det var kjekt for både gymnastar og trenarar å kjenne på nivået utanfor fylket.

**Postadresse**  
IL Jotun  
Postboks 65  
6882 Øvre Årdal

**Besøksadresse**  
Jotunhuset, Øvre Årdal  
**E-Post**  
post@iljotun.no

**Telefon**  
**Telefaks**

**Bank**  
3730.25.00208  
**Foretaksregisteret**  
975 702 308

I samtalar me har hatt med jentene seier dei at det er motiverande å trena mot konkurranse og oppvisningar, så me ønsker også i framtida å delta på fleire konkurransar.

Våren forstatte med trening mot barneturnstemnet på heimebane i april. Der stillte me med ein tropp på 24 gymnastar som alle turnar på eit høgt nivå.

Sommaren 2016 reiste to av trenarane med 5 jenter på Stavernleir. Det var nokre lærerike dagar. Fleire av jentene våga seg på nye element med stor suksess.

Etter oppstart på hausten har me fokusert masse på styrke og mobilitet på treningane. Me har trent masse grunn trening og starta oppkjøringa mot KM i Sandane. På KM stillte me med 3 troppar ( 1 rekrutt og 2 junior kvinner).

Me tok 4 gullmedaljar og fekk for andre året på rad vandrepokalen for beste stilkarakter. Denne gangen var det rekruttjentene i trampett som fekk denne.



Me har mange ivrige foreldre og trenarar. Det er også svært gledeleg at me har så ivrige ungar som også bidreg med sin kompetanse i dei minste gruppene. Det er spesielt tre jenter som har utmerka seg og som har stilt opp som hjelpetrenarar for dei minste.

**Postadresse**  
IL Jotun  
Postboks 65  
6882 Øvre Årdal

**Besøksadresse**  
Jotunhuset, Øvre Årdal  
**E-Post**  
post@iljotun.no

**Telefon**  
  
**Telefaks**

**Bank**  
3730.25.00208  
**Foretaksregisteret**  
975 702 308

Vår dato  
13.02.2017

Vår referanse

Tiril Stølen Moen , Leah Nordnes og Ailin Hellebø stiller opp veke etter veke og hjelper til på treningane. Det er turngruppa svært glade for. Slik kan vi lære opp og sørge for vidare rekruttering av trenarar.



Turngruppa har hatt ein fantastisk sportsleg utvikling. Me torer å påstå at me har trenarar som er heilt i norgestoppen, som veit korleis ein skal utvikle gymnastane best muleg. Samstundes er me heldige å ha særdeles gode trenarar i dei yngste kulla som tek vare både på breidde og god basistrening. Me går inn i eit innhaldsrikt år, der turnarane skal prøve seg på ein ny konkurranse. Opplandspokalen på Lillehammer, står for tur i mars 2017. Denne konkurransen samlar noko av landets beste turnarar. I april reiser me til Måløy på turnstemne med 70 deltakarar, og i desember arrangerer IL Jotun KM på heimebane. Det gleda me oss veldig til.

Heilt til slutt ynskjer me å takke alle dei fantastiske bedriftene i Årdal som støttar oss når me ber dei om hjelp. Me oppmodar difor alle idrettsforeldre og andre om å støtte opp om bedriftene som gir så mykje tilbake til idretten !

Tusen takk !!

Øvre Årdal, 13.02.2017

Styret i Jotun Turn

Stian Bye , Annbjørg Lereng, Anne Gjermoe Røyrvik, Ingeborg Hjelle og Ruth Laberg.

**Postadresse**  
IL Jotun  
Postboks 65  
6882 Øvre Årdal

**Besøksadresse**  
Jotunhuset, Øvre Årdal  
**E-Post**  
post@iljotun.no

**Telefon**  
  
**Telefaks**

**Bank**  
3730.25.00208  
**Foretaksregisteret**  
975 702 308